
Fram dansar ein haugkall

1) Fram danser ein haugkall fager og blå,
med gullring om håret som fløymer;
han giljar for Veslemøy til og frå,
og tonane i kring honom strøymer.
Å hildrane du!
Med meg skal du bu,
i Blåhaugen skal du din sylvrokk snu.

2) Om dagen er eg den brune bjørn.
som bykser i skogen vide
og laugar mitt ragg i djupaste tjørn
og vassar i straumane stride
og leikar i strand
og rår over land,
så langt som ditt auga det timja kan.

3) Men når det lid til midnettes bel,
og dagen i haug er gjengen,
då hører du klunk og yndeleg spel
som linnaste lokking frå strengen;
då kjem eg til deg
frå villande veg
ogsov i din arm, til det vekker meg.

4) Men du skal sitja i Blåhaug brur
i silke og sylv så det bragar,
og aldri kjennast sår eller stur
i alle dei leve dagar.
Å hildrane du!
Med meg skal du bu,
i Blåhaugen skal du din sylvrokk snu.

Forklaringar:

Giljar: beilar, frir. - **timja:** sjå. - **til det vekkjer meg:** til spelet vekker meg. - **bragar:** blenkjer

Opplysningar:

Teksten er laga av Arne Garborg (1851-1924) og er ein del av diktverket Haugtussa. Det er ei forteljing på vers om den unge jenta Gislaug eller Veslemøy som får tilnamnet Haugtussa fordi ho er synsk. Fram danser ein haugkall er ein del av diktet om julelaget i stova hos Veslemøy og mora. Ungdommen samlar seg der for å danse og Veslemøy sit i ei krå og ser på. Dansen blir villare og villare, og best som det er, kjem dei underjordiske og gir seg med, men det er berre Veslemøy som ser deg. Midt i den ville dansen kjem eit nytt syn for Veslemøy. Ho hører ein fin harpelåt og så dansar haughallen fram, og dei fire versa vi brukar i dansen føljer. Det er haugkallen som vil prøve å lokke Veslemøy med seg i haugen, vi hører om. Det femte verset, som vi ikkje brukar i dansen, fortel om utgangen på frieriet til haugkallen:

Han rettar ut si bleike blå hand
ho skjelv av uro og otte.
Men då den møy skull' kysse den mann
då hadde han munn som ei rotte.
"Å Jesus!" - ho bed
om frelse og fred,
og sig i uvit av benken ned.